

Stiftinga Messen Kunst og Kulturhus Ålvik

Org. nr 999 54 1402

Knt nr. 3530.26.20391

Kontaktpersonar:

Styreleiar Toralv Mikkelsen

Adr: Eidesmoen 4

5750 Odda

e-post: toralv.mikkelsen@gmail.com

tlf: 482 30 282

Styremedlem Solfrid Aksnes

e-post: post@hardingpuls.no

tlf: 476 01 056



Hordaland fylkeskommune

Tilskot Kulturbygg med regionale funksjonar

RAPPORT - Oppgradering og investering i Messen Kunst- og Kulturhus

Me kan no rapportere at me har fått gjennomført tiltaka som har vore moglege innanfor den totale summen av tilskot som me har hatt til rådvelde i dette prosjektet.

Prioriteringane med grunngjeving ser de på dei neste sidene.

Me ber med dette om å få utbetalt siste del av tilskotet: Kr. 20.000

til Stiftinga Messen Kunst- og Kulturhus sin bank konto nr. 3530.26.20391

Norheimsund 28.01.2018

Med venleg helsing

Solfrid Aksnes

Solfrid Aksnes

Styremedlem

i Stiftinga Messen Kunst- og kulturhus

1) NY HOVUDTAVLE og ny tilkopling til straumnettet er gjennomført etter krava til Kvam Kraftverk. Arbeidet er utført av Vangen Elektriske AS.
På grunn av omlegging av straumnettet i Ålvik måtte me kopla oss på ein gong til, like etter at me trudde me var ferdige. Kraftverket ville ikkje dekka denne ekstrakostnaden, då kvar huseigar i bygda har blitt pålagt å kosta ny tilkoplinga inn i husa sine. Difor vart kostnaden med hovudtavla noko dyrare enn berekna saman med andre tilstøytande problem som måtte løysast.

2) MALING av VINDAUGO, DØRAR og anna UTVENDING reperasjon.

Gjennomføring av skraping og maling utvendig vart gjort delvis på dugnad og delvis av innleidd hjelp. Nokre enkle utvendige reperasjoner for vannlekkasje har blitt reparert.

3) EKSTRA BAD

Eit ekstra bad er på plass. Arbeidet er utført av fagfolk hjå TRU på TRE AS, BADEMILJØ Kåre Neteland AS og Vangen Elektriske AS.

For å få bygd badet etter forskriftene måtte golvet rivast ned til bjelkelaget og det same for ein del av veggane. Taket i eit toalett i etasjen under måtte også opnast for å få kopla på eit nytt avløp.

Det var viktig at dette rommet vart gjort skikkeleg for framtida og ikkje minst funksjonelt med tanke på at mange ulike personar skal bruka det.

I tett dialog med snikkaren, røyrleggjaren og elektrikaren har me fått gode og tenlege løysingar.

Dette prosjektet vart dyrare enn budsjettet, men me valte å prioriter badet.

4) Nye VARMTVANNSTANKAR

Det er installert 1 ny varmtvannstank i det nye ekstra badet og 1 ny i kjellaren.

Dette er ein del av energiøkonomiseringa.

Levert og montert av BADEMILJØ – Kåre Neteland AS.

5) GOLV i KJØKKEN til Ålvik Arbeidstove.

Arbeidet med golv og råteskade vart gjennomført av snikkaren og røyrleggjaren som me brukte til det ekstra badet.

Ålvik Arbeidstove har sjølv kosta på seg nytt kjøkken.

6) VARMEPUMPE - NYE PANELOMNAR

Etter ny gjennomgang har me erfart at straumforbruket er størst på hyblane, leilegheitene og i ateliera. Det vil seie ca 30 rom fordelt på 3 etasjar.

Me har innsett at det vil vera umogleg å rekke desse med installering av ei eller to sentralvarmepumpe. Inngrepa i dette gamle murhuset vil verte for store og uoversiktleg både økonomisk og bygningsmessig.

Romma har vore varma opp med delvis gamle omnar utan termostatar. Mens husverten har kontroll på å skru ned varmen i fellesromma, har me ikkje kontroll inne på romma hjå kunstnarane og opplevde at her vart dei gamle panelomnane skrudd på fullt sjølv om dei brukar rommet eller ikkje. Me kom difor fram til å investera i 27 nye moderne panelomnar med termostatstyring, nattsenking og med eit deksel som kan skruast fast over instillingane der det er nødvendig. Dette antalet er 2/3 av dei omnane me har trong for å byta ut. Men dette er ei god byrjing og det me fekk til innan summen me hadde igjen til rådvelde. Panelomnane er levert og montert av Kvam Elektro AS.

VENTILASJON.

Denne delen har me ikkje gjort noko med. Både på grunn av at økonomien ikkje strakk til, men og fordi det er utfordrande å finne ei god løysing for inngrepet i huset.

7) GANG i 2. og 3 ETG.

Her er det berre gjort ein liten reperasjon.

8) LEIING AV OPPGRADERING OG INVISTERING

Her er medrekna rekneskaps- og revisorutgifter. I tillegg har prosjektleiarane fått litt honorar og godt gjort noko reiseutgifter. Rekneskapet er ført av Hardanger Økonomiservice AS. Revisjon ar gjort av Hardanganger Revisjon AS. Solfrid Aksnes har vore prosjektleiar i samarbeid med styreleiar Toralv Mikkelsen

Sjå rekneskap og finansiering på dei neste sidene.

Revisor sin rapport i eige vedlegg.

Solfrid Aksnes




Styremedlem
i Stiftinga Messen Kunst- og kulturhus

Oppgradering og Investering av Messen Kunst og Kulturhus
2014 - 2018

Prosjektrekneskap - KOSTNADAR

Delprosjekt oppussing Messen	Samla kostnad
110- Ny hovudtavle/oppgr elekt	212 900
111- maling vindauge/ reparasjonar	94 643
111- Eigeninnsats dugnad, jmf timeliste	20 000
112- reparasjon rote golv kjøken	24 156
113-varmtvannstank	44 337
114-2 avfuktatar til kjellar, digi. fuktmålarar	-
115- varmepumpe ferdig montert	53 408
116- ekstra bad alt inkl	353 442
117- ventilasjon	-
118- maling/oppussing gang 2. og 3 etg	6 150
119- prosjektleiing for oppjusteringa	59 864
Sum	868 901

Norheimsund 25.01.2018



Solfrid Aksnes
Styremedlem i Stiftinga Messen Kunst- og Kulturhus

Tilskot og eigen innsats til oppgradering Messen Kunst- og Kulturhus							
Tilsagn tilskot/eigeninnsats	2017	2016	2015	2014	2013	2012	Sum
Hardangerrådet							-
Kvam Kommune							-
Hordaland Fylkeskommune			200 000				200 000
Sparebankstiftinga Hardanger			250 000				250 000
Norsk Kulturråd		400 000					400 000
Dugnad jmf timeoversikt		20 000					20 000
Sum	-	-	420 000	450 000	-	-	870 000
Utbetalte tilskot	Tilsagn	2017	2016	2015	2014	2013	tilgode
Hardangerrådet	-						-
Kvam Kommune	-						-
Hordaland Fylkeskommune	200 000		180 000				20 000
Sparebankstiftinga Hardanger	250 000		70 000	180 000			-
Norsk Kulturråd	400 000			320 000			80 000
Sum	850 000	-	70 000	680 000	-	-	100 000